

Plan for symjeopplæring i Suldal kommune

2020-2024



Vedteken Mai 2020

Innhald

| | |
|---|---|
| <u>Innleiing</u> | 3 |
| <u>Mål for symjeeopplæringa i Læreplan LK-20</u> | 3 |
| <u>Kartlegging og undervegsvurdering av symjeopplæringa</u> | 4 |
| <u>Ferdigheitsprøven skal bidra til at:</u> | 4 |
| <u>Kva består ferdigheitsprøva av?</u> | 4 |
| <u>Testøvingar</u> | 4 |
| <u>Organisering av symjeopplæringa</u> | 4 |
| <u>Omfang av symjeopplæringa i Suldalsskulen</u> | 5 |
| <u>Sikkerheit i symjeopplæringa</u> | 5 |
| <u>Tilsyn</u> | 6 |
| <u>Krav til kvalifikasjonar for den som har tilsyn:</u> | 6 |
| <u>Alarmplan</u> | 6 |
| <u>Ressurssider</u> | 7 |
| <u>Vedlegg 1</u> | 7 |
| <u>Alarmplan</u> | 7 |
| <u>Rutine for symjeopplæring</u> | 8 |

Innleiing

Symjeopplæringa i grunnskulen er ein del av kroppsøvingsfaget. Læreplanen i kroppsøving stiller ikkje krav om kor mange timer elevane skal ha eller på kva trinn symjinga skal føregå. Læreplanen set opp kompetansemål og ferdigheter som er forventa at elevane har når dei er ferdige med 2., 4., 7. og 10.trinn, men seier altså ikkje noko om tall timer som skal nyttast eller på kva årstrinn undervisninga skal føregå.

Denne planen legg nokre føringar for omfang, kartlegging og kvalitet i symjeopplæringa for elevane i Suldalsskulen.

Mål for symjeopplæringa i Læreplan LK-20

I tillegg til kompetansemål skal kjernelement, tverrfaglege tema, grunnleggjande ferdigheter og progresjon i faget takast med i planlegging, gjennomføring og undervegsvurdering av kroppsøvingsfaget/symjeopplæringa.

Læreplanen i kroppsøving har følgjande kompetansemål for symjeopplæringa:

Kompetansemål etter 2. trinn:

Leike og utføre grunnleggjande øvingar med tilvenning til vatn, som å dykke, flyte, gli, skape framdrift, hoppe uti og orientere seg i vatn

Kompetansemål etter 4. trinn:

Vere symjedyktig ved å falle uti på djupt vatn, symje 100 meter på magen, og undervegs dykke ned og hente ein gjenstand med hendene, stoppe og kvile i 3 minutt (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg), så symje 100 meter på rygg og ta seg opp på land

Kompetansemål etter 7. trinn:

Utføre grunnleggjande teknikkar i symjing på magen, på ryggen og under vatn.

Vurdera sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel og gjennomføre sjølvberging i vatn.

Kompetansemål etter 10. trinn

Utføre varierte symjeteknikkar og kunne symje ein lengre distanse basert på eiga målsetjing

Forstå og gjennomføre livberging i, på og ved vatn ute i naturen

Kompetansemåla i læreplanen skal forankrast, utviklast, tilpassast og konkretiserast ved den enkelte skule. Rektor har ansvar for å sikra symjeopplæringa er i tråd med Læreplan LK-20.

Kartleggingsverktøyet i Conexus kan vere til god hjelp i utforming av kjenneteikn og kriterier for måloppnåing.

Kartlegging og undervegs-vurdering av symjeopplæringa

Symjeopplæringa inngår som ein del av kroppsøvingsfaget. Opplæringa skal tilpassast kompetansemåla etter 2., 4., 7. og 10. trinn.

For 1.-4. trinn vert opplæringa lagt slik opp at den følgjer ein progresjon tilpassa den obligatoriske ferdigheitsprøven.

Ved behov for særskilt-/ og eller tilpassa opplæring kan elevar delta i symjeopplæring saman med ei anna gruppe i tillegg til klassen eleven hører til.

Ferdigheitsprøven skal bidra til at:

- Skulen si symjeopplæring er i tråd med læreplanen
- Elevane får god undervegsvurdering som fremjer læring og meistring
- Lærarane kan kartlegge elevane sitt læringsutbyte, justera opplæringa undervegs og setje inn nødvendige tiltak på eit tidleg tidspunkt

Kva består ferdigheitsprøva av?

Ferdigheitsprøva i symjing består av sju øvelsar som skal gjennomførast som ein del av opplæringa. Prøva er ei konkretisering av to kompetansemål som gjeld vanntilvenning og symjedugleik i læreplanen for kroppsøving etter 2. og 4. årstrinn.

Testøvingar

Som del av symjeopplæringa skal lærar jamnleg nytta kartleggingsverktøyet *Symje- og livredningsopplæring* og registrera i Conexus engage.

Råd og rettleiing til innhald og aktivitetar i opplæringa er å finna på den nasjonale ressurssida [www.https://svommedyktig.no/](https://svommedyktig.no/) og på Utdanningsdirektoratet sine sider om svømme- og livredningsopplæring.

Organisering av symjeopplæringa

Suldal kommune har ulik organisering på skulane grunna store skilnader i elevtal. Det er også skilnad i avstand til symjebasseneget ein nyttar. Derfor kan ein ikkje organisera symjeopplæringa likt på skulane. Det er rektor ved den enkelte skule som har det overordna ansvaret for organisering og at symjeopplæringa er i tråd med Læreplanen.

Omfang av symjeopplæringa i Suldalsskulen

| Trinn | Tal timer pr. elev |
|--------------|--------------------|
| 1.-2. trinn | 14 timer |
| 3.-4. trinn | 14 timer |
| 5.-7. trinn | 14 timer |
| 8.-10. trinn | 14 timer |

Sikkerheit i symjeopplæringa

Forskrift til opplæringslova § 12-1 omtalar sikkerheit i skulen si verksemd og symjeopplæringa spesielt:

- Når skulen er ansvarleg for tryggleiken til elevane, må tilsynet i praksis være forsvarleg i forhold til risikoen for at skade eller ulykke kan skje.
- I situasjonar der skulen er ansvarleg for symjing og bading i grunnskulen, skal det alltid vere ein tilsynsansvarleg, vaksen person til stades. Dersom den gruppa skulen har ansvaret for, overstig 15, skal tilsynet aukast med ein vaksen tilsynsperson for kvar på-begynte gruppe på 15. Dei som fører tilsyn, må vere flinke til å symje og dykke, og må kunne livredning. Tilsynet må aukast ytterlegare når omsynet til tryggleik gjer det nødvendig.

Utdanningsdirektoratet har i tillegg presisert krava til forsvarleg symjee- og livredningsopplæring i sitt rundskriv Udir-1-2008: [Forsvarlig svømme og livredningsopplæring i grunnskolen](#).

Hovedpunktata i rundskrivet peikar på at for å sikre ei forsvarleg symjeopplæring må:

- det ver klare krav og retningslinjer for skulen si symjeopplæring
- retningslinjer og krav for skulen si symjeopplæring må følgjast
- det vere ein alarmplan knyta til symjeopplæringa
- alarmplanen vere gjort kjent blant dei som har tilsyn
- alarmplanen vere lett synleg
- det alltid vere minst en tilsynsperson pr 15 elevar
- det alltid vere minst 2 tilsynspersonar til stades ved begynnaropplæringa
- det gjerast ein en vurdering av forsvarlegheita opp mot gruppstorleik, samansetning og fasilitetane
- det vurderast om det er forhold som gjer at tal tilsynspersonar må aukast ut over minimumskrava
- tal tilsynspersonar aukast dersom dette vert vurdert som naudsynt

- dei som underviser i og har tilsyn med svømmeopplæringa tilfredsstiller kvalifikasjonskrava for tilsyn (flinke til å svømme, dykke og kunne livredning)
- det vert sikra at tilsynspersonane sine ferdigheiter i livredning vert vedlikehalde

Tilsyn

Den som er ansvarleg for symje- og livredningsopplæringa må ut frå elevane sine ferdigheiter og storleik på bassenget vurdera kor mange elevar det er forsvarleg å ha i bassenget samtidig. Under symje- og livredningsopplæringa skal det vere kontinuerleg tilsyn med elevane og med overflata og botn av bassenget.

Når det er forhold som gjer opplæringa særleg vanskeleg og/eller set sikkerheita i fare, skal tilsynet styrkast. Det kan vere elevar som treng særskilt tilrettelegging og ekstra tilsyn, for eksempel elevar med vann-skrekk, epilepsi, nedsett funksjonsevne, elevar som viser utagerande åtferd eller elevar som det av andre grunnar må takast særlige omsyn til. Då kan det vere aktuelt å ha med ein ekstra fagarbeidar.

Krav til kvalifikasjonar for den som har tilsyn:

Den som har tilsyn må ha fylt 18 år, og ha godkjend symje-og livredningskurs (ein pr. 15 barn)

Den som har tilsyn må ha kunnskap om alarmplanen og ordensreglementet/sikkerheitsinstruksen for symjehallen. Det er også viktig at dei kjenner dei grunnleggjande reglane for sikkerheit for å førebygga ulukker, som til dømes ikkje springa på bassengkanten, kun tillate å hoppa eller stupa på anviste stader, merking av djupt og grunt vann.

Det er viktig at ferdigheiter i livredning vert haldt ved like med årleg kontroll- og oppfriskingskurs.

Dei same kvalifikasjonskrava gjeld for den som har ansvar for tilsyn under utandørs bading.

Rektor har ansvar for at personar som skal ha tilsyn med symje- og livredningsopplæringa gjennomfører det årlege kontroll – og oppfriskingskurset.

Alarmplan

Ved all symje- og livredningsopplæring skal det vere ein alarmplan. Ein alarmplan er ein detaljert handlingsplan som kort og klart fortel kva som skal gjerast frå alarmen går, det vil sei frå det tidspunktet det vert oppdaga at nokon er i fare, til redningsaksjonen er utført og situasjonen avklart. Skuleeigar er ansvarleg for at ein slik plan finst og er kjent blant dei som har tilsyn.

Hovudmålet med alarmplanen er å gjere ei redning mest mogleg effektiv. Den skal vere enkel, og samtidig regulera korleis den enkelte skal forhalda seg i ein kompleks situasjon på ein best mogleg måte. Alarmplanen skal vere plassert lett synleg.

Sjå vedlagt døme på Alarmplan

Ressurssider

[Rundskriv u-dir 1-2008: Forsvarlig svømme- og livredningsopplæring](#)

[Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet – ressursside svommedyktig.no](#)

[Norges svømmeforbund - skolesvømmen](#)

[Norges svømmeforbund – svømmeopplæring i skolen](#)

Vedlegg 1

Alarmplan

Forslag til alarmplan ved symjeopplæringa i Suldal kommune:

Skulane gjer seg kjende med gjeldande alarmplanar i Suldal bad eller i Saudahallen.

1. Den som oppdagar at ein elev er i fare eller får mistanke om at ein elev kan vere i fare må ta leiinga og umiddelbart igangsetje redningsavklaringsaksjonen.
2. Sikra situasjonen. Gje beskjed til dei andre som har tilsyn om å sikra situasjonen. Dei andre som har tilsyn skal vita kva dette inneber i forhold til den aktuelle situasjonen og staden dei er på. Sikring kan innebere blant anna at alle elevane skal på land og samlast på eit sikkert område.
3. Få oversikt og velge sikraste, raskaste og mest realistiske redningsmoglegheit. Å få eleven på land vil her vere viktig. Om nødvendig følg opp med livreddande førstehjelp.
4. Få oversikt og om nødvendig ringa naudtelefon. Dersom situasjonen er uavklart, det vil sei at det er ein mogleg farleg situasjon, så vert det gitt ei «førebels melding» og alle følgjer dei beskjedane som vert gitt.
5. Gjennomfør HLR til hjelp/ambulansepersonell kjem
6. Sørg for at ein person er klar til å ta imot hjelpa når den kjem og visa raskaste veg til ulukkesstaden

7. Den som har leia redningsaksjonen, bør følgje med i ambulansen. Ein av dei andre som har tilsyn, varslar rektor som er den som skal varsle føresette.

8. Dei ansvarlege for opplæringa har ansvar for å skriva rapport om ulukka.

| | |
|--|---|
|  Suldal kommune | |
| Oppvekst-Suldalsskulane | Rutine for symjeopplæring |
| Føremål: Rutina skal bidra til ei sikker symjeopplæring som gir eit godt læringsutbyte for elevane. | Kven skal rutinen distribuerast til: Einingsleiarar på skulane Kor ofte skal rutinen reviderast: Årleg |
| Ansvar: Kommunalsjef oppvekst | |

Forankring i lov:

Rundskriv [Forsvarlig svømme- og livredningsopplæring i grunnskoleopplæringen Udir-1-2008](#)

[Ny læreplan i kroppsøving](#)

Omfang:

Rutina skal bidra til å sikra kvalitet og sikkerheit i symjeopplæringa slik at elevane får eit godt læringsutbyte.

Målgruppe:

Rutina gjeld for alle lærarar som har ansvar for symjeopplæringa.

Ansvar:

Lærar i kroppsøving/svømmeopplæring

Omtale:

Alle rektotorar og lærarar/tilsynspersonar i svømmeopplæringa skal vere kjent med

Plan for svømmeopplæring i Suldal kommune. Svømmeopplæringa skal gjennomførast i tråd med denne planen.

Risikofaktorar:

Ei ulukke kan skje med elev i og ved basseng og garderobe.

Avvikshandtering:

Følgje gjeldande alarmplan

Dokument/referansar: